

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
FORMANNSKAPET

Møtedato
22.01.08

Arkivsak : 08/00059 A -
Arkivkode: 500

Sakshandsamar: Audun Hovland

Handsamingar:

Utval
FORMANNSKAPET

Møtedato
22.01.08

Saksnummer
PS 0011/08

UTGREIING OM BETALING FOR BRUK AV AREAL I KYSTSONA

SAKSUTGREIING:

Finansdepartementet bed gjennom skriv motteke medio desember 2007 om uttale/innspeil til arbeidet med "Utredning om betaling for bruk av areal i kystsonen". Ei av problemstillingane her er om sjøareal framover bør stillast gratis til disposisjon for ulike næringsverksemdar i kystnære område. Regjeringa legg prinsipielt til grunn at kystkommunane bør få høve til å krevja inn betaling for bruken av areal. Mange vil hevda at på same måte som kraftkommunar får inntekter for at nokon nyttar arealet der til kraftproduksjon, så bør kystkommunar få inntekter for at nokre næringer brukar fellesskapet (ålmenta) sitt sjøareal. Tysnes kommune har mange brukarar av kystsona både i næring- og rekreasjonssamanheng. Det er difor naturleg at kommunen i ein tidleg fase er aktiv med i korleis politikken på dette området bør verta framover. Regjeringa har opplyst at dei vil avgjera saka i samband med statsbudsjettet for 2009.

Det er no sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe, og den ønskjer no fakta og synspunkt frå m.a. kystkommunane. Ved eit seinare høve kjem denne saka på høyring til kommunane. Arbeidsgruppa har laga 11 spørsmål dei vil ha svar på, men dei har understreka at spørsmåla 7-9 er retta særleg til kommunane. I brevet kjem det fram at kvar mottakar sjølve må vurdere kva som det er relevant å svara på. Me ser det og naturleg å svara på spørsmål 10 og 11.

"7. Har kommunen en kystsoneplan eller er det satt i gang arbeid med en kystsoneplan?"

Svar: Det er arealdelen i kommuneplanen som styrer arealbruken i sjøområda våre. Tysnes kommune har som mange andre kommunar i Hordaland vedteke å ha ein "plan for kysten" saman med kommuneplanen sin arealdel. Land og sjø må sjåast i ein samanheng, og det er difor heilt naturleg å samordne desse i ein felles plan. Arealforvaltinga og bruken av sjøområda er nøye analysert og vurdert tidlegare, og vår eksisterande kommuneplan sin arealdel byggjer m.a. på ein tidlegare kystsoneplan. Den første kystsoneplanen vår vart vedteken og klarert tidleg på 1990-talet.

"8. Hvordan er kunnskapsgrunnlaget og kompetansen knyttet til planlegging i kystsonen?"

Svar: Me vurderer at kunnskapsgrunnlaget og kompetansen til planlegging i kystsona er rimeleg høg i kommunen vår. Både det politiske miljøet og administrasjonen har god kontakt med næringsinteresser og andre brukarar av kystsona. Mange innbyggjarar driv og med tradisjonelt heimafiske.

"9. Opplever kommunen at det foreligger interessekonflikter om bruken av kystsonen, og er knapphet på kystareal et problem for videre utvikling av næringsvirksomhet i kommunen?"

Svar: Me ser at det føreligg interessekonfliktar i bruken av kystsona, men me vil understreka at folk her er vane med å ta omsyn og respektera næringsinteresser, men og andre brukarinteresser som nyttar aktivt kystsona vår.

Det er ingen tvil om at kystsona/sjøareal som kan brukast til dømes av havbruksnæringa og andre næringar i tilknytning til kystsona er ein avgrensa ressurs i våre område i dag. Til dømes er havbruksnæringa stor på våre kantar og omsyn til avstand mellom anlegg, resipienttilhøve og andre brukarinteresser gjer at dette er ei utfordring for vidare utvikling av denne næringa i kommunen. Strandsona er og ein avgrensa ressurs og dei mange brukarane av denne og sjøområda omkring gjer at det er mange omsyn og vurderingar som vert gjort før ein avgjer korleis ein skal nytta kystsona vår framover. Arealet i kystsona har utan tvil vorte ein "knapphet" for ulike typar sjørelaterte næringar si vidare utvikling i vår region.

"10. Kan det begrunnes en særskilt betaling til kommunene for bruk av areal i kystsonen, og vil i så fall en slik betaling kunne bidra til bedre tilrettelegging av areal og reduksjon av mulige konflikter om bruk av arealet?"

Svar: Ei særskilt betaling til kommunane for bruk av areal i kystsona kan sjåast på som ein parallell til vasskraftkommunar som får økonomisk kompensasjon for areal lagt ut til kraftproduksjon. Dette har også konsekvensar for miljø, ålmenta og andre næringar i kommunen, t.d. reiselivsnæringa.

Ei årleg betaling til kommunen (arealavgift) vil vera med å rettferdiggjera og synleggjera overfor innbyggjarane våre at lokalsamfunnet får noko att for at det sjørelaterte næringslivet brukar det felles sjøarealet vårt. Dette vil vera med og auka forståinga for næringsdrift i kystsona.

Det er viktig at det totale skatte- og avgiftstrykket for den sjørelaterte næringa ikkje aukar i noka mon med denne arealavgifta til kommunane. Det betyr at staten sine årlege inntekter frå denne næringa etterkvart må ned, og at kommunane sine årlege inntekter frå denne verdiskapinga må opp.

"11. Er det andre virkemidler som på en bedre måte kan bidra til å løse eventuelle konflikter knyttet til disponering av areal i kystsonen? "

Svar: Betaling for bruk av areal i kystsona kan vera eit godt signal på lokal tilbakeføring av verdiskapinga i kystsona. Uansett må arealforvaltinga ta omsyn til at det er mange ulike bru-

kar- og miljøinteresser i kystsona. Økonomisk kompensasjon til kystkommunane må ikkje gå ut over miljø og helse. Alle konflikter kan ikkje løysast, men økonomisk kompensasjon kan redusera dei.

Tysnes kommune vil støtta synet til styreleiar Ole-Eirik Lerøy i Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening (FHL) som er positivt innstilt til ei arealavgift. Som representant for næringa, uttrykkjer han at tilgang på areal er avgjerande for at norsk oppdrettsnæring skal kunna veksa vidare. "Leigeinntekter frå fjordane kan stimulera kommunane til å leggja til rette for meir oppdrett" seier han.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune viser til ovanstående svar på spørsmåla frå Finansdepartementet. Desse vert å sjå som kommunen sine innspel i saka.

VEDTAK I FORMANNSKAPET 22.01.08:

I samsvar med innstilling.